
Saksnr: 2020/35639-19
Saksbehandlar Bjørn Skorpa Eikeland
Dato: 28.01.2021

Til: Petter Lem Gullestad

Frå: Bjørn Skorpa Eikeland

vedtaksmynde - byggjegrense mot fylkesveg i Kvam herad

Me viser til epost av 27.01.21 kor det vert bedt om at heimelsgrunnlaget for vedtaksmynde for handheving av byggjegrense mot fylkesveg vert gjort greie for.

Forvaltning Vestland vart på slutten av 2020 gjort merksam på at Kvam herad hadde tatt med føresegn med byggjegrense mot fylkesvegar i kommuneplanens arealdel 2019 - 2030.

Kvam herad har i brev av 27.01.2021 svart på vår førespurnad om å gjere greie for korleis føresegn 1.6.3 skal tolkast. Kvam herad har i sitt svar stadfesta at intensjonen med føresegna er at dei *øvrige fylkesvegane* i heradet skal ha byggjegrense på 30 meter, og at denne skal handterast av heradet sjølv. Øvrige fylkesvegar i Kvam herad er fylkesvegar med nummer 576, 5116, 5118, 5120, 5122 og 5124.

Me tolkar denne tilbakemeldinga til å bety at fylkesvegar med nummer 48, 49 og 79 ikkje er råka av føresegn 1.6.3, og at Vestland fylkeskommune skal handheve byggjegrense mot desse etter veglova.

Me legg difor til grunn at det er Vestland fylkeskommune som er rette vedtaksmynde i klagesak med referanse 202/35639.

Kopi av dette notatet vert sendt til klagar med epost.

Vedlegg

- 1 førespurnad om presisering av føresegn
- 2 svar på førespurnad

Vår referanse 2020/77699-1
Dato 26.11.2020

KVAM KOMMUNE
Grovgjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Avklaring av føresegn i kommuneplanens arealdel 2019-2030

Me er blitt merksame på at det i kommuneplanens arealdel for Kvam herad er teke med føresegn om byggjegrænse mot fylkesveg. Grunna ein inkurie er dette diverre ikkje fanga opp tidlegare frå vår side.

Føresegn 1.6.3 i kommuneplanens arealdel:

1.6.3 BYGGEGRENSE MOT VEG

a. Byggjegrænse mot fylkesveg 7, fylkesveg 49 og fylkesveg 48 er 50 meter, unntak er kor kommuneplan eller reguleringsplan viser anna byggjegrænse. For øvrige fylkesvegar gjeld ei byggjegrænse på 30 meter.

b. Den til ein kvar tid gjeldande rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser for riks- og fylkesvegar skal leggjast til grunn ved handsaming av søknad om dispensasjon frå den byggjegrænsa som følgjer av bokstav a).

Veglova § 29 første setning seier at: *Langs offentleg veg skal det vere byggjegrænser fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven.*

Det er difor opna for at kommunane/herada kan ta leggje inn byggjegrænser mot fylkesveg i kommuneplanens arealdel. Ei følgje av dette er at byggjegrænse mot fylkesveg vert fastsett i medhald av plan- og bygningslova. Dette medfører at det er kommunen/heradet sjølve som handsamar søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot fylkesveg i områder der arealbruken er styrt gjennom kommuneplanens arealdel.

Tydinga av føresegn 1.6.3 får konsekvensar for ansvarsfordelinga for forvaltninga av fylkesvegane i Kvam herad. Me ber difor om tilbakemelding på følgjande spørsmål:

- Er det intensjonen med føresegn 1.6.3 at byggjegrænse mot fylkesveg skal fastsettast i medhald av plan- og bygningslova, og at Kvam herad sjølve skal forvalte denne?
- Skal byggjegrænse mot «øvrige fylkesvegar» vere 30 meter, eller skal dette tolkast som ei rettleiande byggjegrænse ved sakshandsaming?

Me ber om at heradet gjer greie for korleis føresegna skal tolkast.

Med helsing

Ann Kristin Nes
Leiar

Bjørn Skorpa Eikeland
Avd. ingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref.
19/1590-2/N-101.3/HEIORJ

Dykkar ref.
2399e073-6f44-424a-bddd-
2f626a0ad79d

Dato:
27.01.2021

Svar på avklaring av føresegn 1.6.3 i kommuneplanens arealdel 2019-2030

Viser til Vestland fylkeskommune sitt brev datert 26.11.2020 ang. spørsmål om føresegn 1.6.3 i kommuneplanens arealdel og handtering av denne med omsyn til veglova.

Svar på spørsmål 1:

Det er kommunen sin intensjon av øvrige fylkesvegar (alle andre enn 7, 48 og 49) skal ha ei byggegrense på 30 meter og at dette vert forvalta av kommunen gjennom plan- og bygningslova. Dersom ei byggesak krev avvik får 30 meter, så vert dispensasjon frå byggegrensa i kommuneplanen sendt på høyring til offentlege etatar på vanleg måte.

Svar på spørsmål 2:

Byggegrensen skal vere 30 meter. Avvik frå dette vil krevje ein dispensasjon frå kommuneplanens arealdel.

Kommunen beklagar at me har brukt så lang tid på å svare på spørsmåla.

Helsing

Heidi E. Ørjansen

Einingsleiar plan og byggesak
Telefon: 56553030

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

